

Eldretreffen 2008

Publisert tirsdag, 28. oktober

Eldretreff på Folkehøgskulen tysdag 28.oktober 2008

Ringebu Rotary klubb har igjen arrangert sin Eldretreff. Ein tradisjon som både medlemmene og dei eldre er glade for.

Ola Steine ynske gjestene velkommen, og vektla den betydningen det har for kropp og sjel å kunne treffes i hyggelege lag.

Prosjektkomiteen og klubbkomiteen hadde ansvaret for kvelden.

Torbjørn Torgersen leda oss gjennom eit programmet på ein framifrå måte.

Ringebu Spelmanns lag's sanggruppe sang nokre stubbar, før "pilegrimspresten" Hans Jacob Dahl kåserte og viste lysbilder. Emnet var Pilegrimsleia, frå Ringebu til Eysteinkyrkja på Dovrefjellet. Gjennom eit langt, men svært interessant kåseri, drog Dahl fram lag på lag med historie. Han har ei forunderleg evne til å få tilhøyraren med inn i samanhengar som nok var ukjente for dei aller fleste av oss. Bakgrunnen for både Ibsens Peer Gynt og Sigrid Undsets Kristin Lavrantsdatter byggjer på myter langt bak i tid. At segner kan overleve i mange, mange generasjonar, trass religiøs "knebling" er Olavs-segnene gode eksempel på.


Då Astrid Beitdokken og Jorun Torgersen frå folkehøgskulekjøkkenet serverte herlege smørbrød og kaffe, te og vatn til drikke, var det også "startskotet" på den gode praten rundt borda.

Elevar frå Ringebu Musikkskole med læraren sin Sigurd Tingstad spelte så fleire musikstykker på torader .

Eldretreffen slutta med at vi song den fine kveldsongen "Gjev med handa di ven når det kveldar," Ein kveld til hygge for rundt åtti fram møtte, og ein kveld Ringebu rotaryklubb har all ære av.



Ola Steine ønsker velkommen



Torbjørn Torgersen er kveldens
Toastmaster



Visesangere i Ringebu spelmannslag



Pilegrimspresten Hans Fredrik Dahl



Jorunn Torgersen flittig ute med kaffekannea



Per Otto og Jon gjør nytte for seg



Sigurd Tingstad i passiar med pilegrimspresten



Sigurd med kulturskolens toradergruppe